

Halling- l'jom



Lægsblad for Hallinglaget - i Oslo -
- №R. 2/15

INNHOLD

Innhaldsliste	side	3
Fyriord	side	4
Hallinglaget i Fredrikstad	side	5
Dansebilde Fredrikstad	side	6
Hallinglagsnytt	side	7
Folkelarm på Riksscena	side	9
Minneord Magne Myhren	side	11
Helgekurs i Hallingspringar	side	12
Program for hausten	side	13
Hallingbu – hytta vår!	side	14
Hardingfele til leige	side	17
Folkesong i Hallingdal	side	18
Diktside	side	19
Lagsinformasjon	side	20
Folkedanskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

No tek Hallinglaget til med ein ny haust, med masse danseaktivitetar som eg trur vil gje uss ein god haust i laget. Eg håper at folk kjem innom på nokre aktivitetar for å sjå! Det er i alle fall sikkert at det er særsmange gode spelemenn/kvinner i Oslo. Hurra for dei ...

Hallinglaget stilte i lagdans under Landskappleiken på Fagernes, og dei som var med hadde det moro. Sjølve øvinga fyri er intens og artig, og gjer eit godt samhald mellom dei som dansar. Og etter at ein er ferdig blir ein veldig glad, det er ein slags danserus som må opplevast. Sjølv om me ikkje får gode plasseringar håper eg at laget vil fortsetja med lagdans, me burde ha øvd litt meir og vore meir faste enn det me er. Me må ty til hjelp frå Hallingdal og andre stader for å få til fem par, som er minimum antal. Me burde har vore såpass mange i Oslo, slik at me kunne øvd og så huka inn nokre ekstra når me skulle danse på Landskappleiken. Eg håper også at Hallinglaget fekk ein person som ville organisere og styre med lagdansen, det blir for mange oppgåver på leiaren!

Det blir ein ekstra innsats i Bygdelagsskipnaden denne hausten, dei vil satse meir på PR og nye moderne Web-sider. Hallinglaget har tilbod om å vere med, her burde også laget hatt ei eldsjel som ville være med å lage til desse sidene og oppdatere aktivitetane våre jamt og trutt. Eg sendte ut ei melding om dette, men ingen har meldt seg, så eg får sjå. Inntil vidare kan me legge inn ein link til våre gamle Web-sider (www.hallinglaget.net), men då blir me ikkje heilt med i det gode selskap. Det er ikkje så bra. I fyrste omgang får me glede oss over fine sider til BLS og BUL, som har kome lengst. Dei har kvar sin datakyndige eldsjel! Hugs at dette kan gje verdifull kompetanse til framtidige oppgåver på jobb og privat.

I fjar gjorde eg ein ekstra innsats med å prøve å få med fleire hallingar i laget, med fire artiklar i Hallingdølen! For dei siste åra har det ikkje vore noko rekruttering frå dalen vår! Det er trist, for korleis skal det då gå med Hallinglaget på sikt? I dag er det danseinteresserte folk frå andre kantar av landet som heldt liv i oss og godt er det!

Drifta av Nordahl Bruns gate 22 går framleis bra, gjelda er borte og Olav Thon gruppa drifter garden på beste måte. Alle er klar over at det må profesjonelle til for å drive med utleige på ein forsvarleg måte. Det må ryddige kontraktar til, og det er det no. Mange studentar har på nytt funne ut at det er kjekt å bu så sentralt som det er i Nordahl Brus gate.

Helgekurset vårt, som me skipar til 14. og 15. november blir kjempebra, så møt opp på det! Kurset i fjar samla over førti personar, og alle var nøgde etterpå ☺ Denne tilskipinga er det beste Hallinglaget gjer kvart år, og så lenge folk møter opp vil me halde på med det. Her må eg få skryte av alle dei fantastiske instruktørane som har vore innom i alle dei år me har halde på med dette. Og likeins spelemennene/kvinnene som gjer alle eit løft, slik at me kan halde på i fleire timer «utan å bli slitne», berre litt mørre slik at ein sov ekstra godt natta etterpå.

Siste var at Hallinglaget bidrog på ei kulturnatt i Fredrikstad, 11. september! Sjå neste side.

***Bli med å dans i året som kjem ...
Kos dikkon med Hallingljom!***

*Beste helsingar frå Terje Grangård,
Leiar i Hallinglaget*

Hallinglaget i Fredrikstad



Fredrikstad, 11. sept. 2015: Oppvarming i Binggården. Frå venstre Sigbjørn Galdal, vår spelvinne Laura Ellestad, Tone Eidsvold, Helene Auseth, Dag Hamre, Helene Garmo, Gro Sissel Taraldrud og sitjande framme Michel Gascoin. Herlig Gamlebyen, ein Kulturstad.

Fotograf: Terje Grngård

I år er det 448 år siden Fredrikstad ble anlagt etter at svenskekongen hadde brent ned Sarpsborg. Fredrik II valgte da, i 1565, å flytte byen 16 kilometer lengre sør. Kanskje håpet han at Gamlebyen festning skulle gi bedre beskyttelse? I 1567 stod den nye byen klar. Fredrikstad har store planer til feiring av dette i 2017, og fredagens kulturnatt i Gamlebyen 11. september var en forberedelse til denne. Onde tunger vil vel ha det til at de feiret 450-årsjubileet for nabobrannen.

Ved en tilfeldighet ble undertegnede spurt om Hallinglaget i Oslo kunne tenke seg å bli med på en danseoppvisning på Kongens torg i Gamlebyen. Det ville vi selvfølgelig, og dette var jo samtidig en fin anledning til å samle lokale bygdedansere. Fra Fredrikstad stilte Michel Gascoin, Tone Eidsvold og Helene Garmo opp. Helene Auseth og Dag Hamre kom fra henholdsvis Sarpsborg og Rygge, mens undertegnede tok turen fra Råde. For å komplettere hentet vi leiaren vår, Terje Grangård, fra Oslo og Gro Sissel Taraldrud fra Nesodden, opprinnelig fra Rømskog i Østfold. Laura Ellestad stilte opp og spilte for oss. Ho er kjempegod og har mastergrad i musikk fra Norges Musikkhøyskole og vart A-klassespelemann i fjor. Ikkje verst av ei jente som har vokst opp i Calgary i Canada!

Oppvarming til det hele foregikk i et av gamlebyens mange ærverdige trehus, Binggården. Her lot tangodansere oss varme opp innimellom deres dans, og denne oppvarmingen var som alltid en veldig trivelig dansestund. Vi var del av en forestilling som beveget seg gjennom hele Gamlebyen. Etter moderne dans og tango i gatene tok Laura over «stafettpinnen», og ledet publikum til scenen der Hallinglaget stod klar. Laura startet oppvisningen med et solonummer, og Michel og Dag klarte ikke å stå i ro da dette var en laus, og vartet opp med spenstige hallingtakter på scenen. Hovednummeret var en Hallingspringar med fire par på scenen som danset en flott oppvisning! Etter oss fortsatte det med flamencodans, nydelig utdrag fra en ballett/operette, sving og afrikansk dans som et høydepunkt. Forestillingen ble avsluttet med nysirkus på plenen utenfor kulturhuset. Programmet ble framført tre ganger, og med nydelig vær og til slutt en lyssatt Gamleby, så ble det en flott kveld! Mange av ungdommene kunne ha vært med i Norske Talenter.

Etterpå fortsatte vi med nachspiel på St. Croix-huset i Fredrikstad sentrum. Og hvilket kulturhus! Stemningen her kan vi i Nordahl Bruns gate bare beundre. God karibisk mat i form av Jambalaia med mango og ananas ble servert i kaféen og et kubansk 7-mannsorkester spilte salsamusikk. Vi fant oss et eget danselokale hvor vi satte i gang. Det var Laura som vartet opp med supert Valdresspel, Hallingspel og Rørospol. En seanse med hallingdans/laus som Dag Hamre ledet an gjorde stor suksess blant de afrikanske danserne som til og med prøvde å sparke hatten.

En stor takk til alle som stilte opp på dette! Og kanskje Hallinglaget burde dra ut på flere lignende oppdrag? Moro var det i hvertfall!

Sigbjørn Galdal



Michel hadde eit luftig sprang på scena, han sparte seg ikke og fikk applaus! Foto fra Facebook!

Hallinglagsnytt



Elin skriv i hyttebokji på Hallingbu. Det må alle gjere som vitjar bue vår!

1. Vår kjære kasserar i Hallinglaget gjennom mange år, **Elin Berget frå Gol**, har flytta tilbake til Gol! Ho har fått seg ny god jobb på Hallingdal Sjukestugu på Ål. Noko som også drog ho oppover er at ho har funne seg ein triveleg kar i nærlieken av der ho vaks opp på Gol. Så no er både Elin, foreldra og sambuaren veldig nøgde! Dette må me berre akseptere. Elin har gjort ein stor innsats for laget heilt tilbake frå 2009 då ho vart kasserar i Hallinglaget! Ikkje berre har ho halde styr på økonomien, ho har støtta opp på mange ulike måter, ho har vore aktiv på Hallingbu. *Bildet viser Elin der ho skriv i Hytteboka.* Laget takker Elin for alt ho har gjort for laget og ynskjer henne hjarteleg til lykke med sitt nye tilvære.
2. Heldigvis redda **Gro Sissel Taraldrud** situasjonen og steppa inn som kasserar resten av dette året. Gro Sissel arbeider framleis i banken vår, Cultura Bank, og då ho var kasserar frå 2004 til 2008, tok ho lett over som kasserar etter sommaren. Ein stor takk til Gro Sissel for at ho hjelper oss, og Hallinglaget er glad for at me har slike støttespelarar. Gro Sissel vil berre ha vervet ut dette året, så me er på jakt etter ein ny kasserar neste år. Laget håper at nokon tar på seg denne utfordringa og vil vere med å forvalte Hallinglaget sine verdiar.
3. Vår danseleiar **Simon Hesselberg Løvald** har starta opp med studier i Grimstad! Simon skal bli ingeniør! Og det støttar me han i; for det er for tøfft å leve av å danse etter at ein er voksen! Heldigvis får me besøk at Simon nokre gonger denne hausten, han skal mellom anna vere med Silje Risdal Liahagen og halde helgekurs for oss! Kurset blir bra for både Silje og Simon liker i instruere. Simon

dansa mykje under Lanskappleiken på Fagernes, han debuterte i A-klassen laus der han fekk for lite poeng (synes eg), og han dansa godt i B-klassen i dans hardingfele saman med Ingunn Stræte Lie, utan å få 1. premiegrad, men det er ikkje lett! Lagdansen hans saman med BUL var strålende (Finnskogspols), og BUL mosa Hallinglaget!

4. **Hallinglaget** måtte ta til takke med ein delt siste plass (saman med to andre lag), dvs. 26 plass, i Lagdansen på Fagernes! Sjølv om me hadde kjempegode spelemenn, både Øyvind Brabant og Ola R. Imset, og me alle gjorde vårt beste! Me klarte faktisk og avslutte på ein god måte, synes me sjølv i alle fall, og eg vil med dette **takke alle** som var med på lagdansen, med det fine bildet under. Aldri har me hatt fleire tilskodarar, me dansa i fyrste bolken, rett før A-klassen Laus tok til. Det var 10 lag før lausen og 18 lag etterpå. Me dansa som nr. 10, og då var det svart med folk i amfiet på Valdres Folkemuseum, ikkje rart at me vart for alvorlege ...

... men me hadde det moro på øvinga føreåt - i Skattebustugu frå 1725! ...

...og nivået i Lagdans en høgt! Gol og Ål var i år nr. fire og seks. Dei var kjempegode.



Hallinglaget i Oslo, under Lanskappleiken på Fagernes juli 2015.

Bak frå vestre: Øyvind Brabant, Olav Sem, Oddmund Vestenfor, Sigbjørn Galdal,

Olav Arne Løstegaard, Terje Grangård og Ola R. Imset.

Framme frå venstre, våre kjære dansejenter: Else Mohn, Berit Grøtt Ellefsen, Grete Iversen, Heidi Wie og Mari Nustad. **Takk til alle saman!**

FOLKELARM PÅ RIKSSCENA, 24. – 26. september

For tiande året på rad blir det Folkelarm i Oslo. Folkelarm er det tredje store arrangement til FolkOrg, ved sida av Landskappleiken og Landsfestivalen i Gamaldans. Så har du ikkje vore med på dette før, er det på tide at du kjem deg i veg ein dag eller tre. Alt dette er på Riksscena i Oslo som ligg i det gamle Schous-kvartalet nederst på Grunerløkka, inn frå Trondheimsveien 2. Merk dykk at ein kan kjøpe gjennomgangsbillett/pass for ein, to eller tre dagar. Dette gjer rabatt elles er dette litt dyrare enn ein er vane med frå Landskappleiken ...

Folkelarm er Nordens største bransjetreff for folkemusikk og fokedans, arrangert av FolkOrg, og no er me så heldig at me bur i Oslo – akkurat her det skjer! Arrangementet tek mål av seg til å vera det viktigaste utstillingsvindauge for nordiske folkemusikkartistar. Dei operarar med eit utvida folkemusikkbegrep, så det er mykje rart! Men akkurat i år er det ein del topp underhaldning frå Hallingdal, der både Kvedarkvintetten, Ulf-Arne Johannessen og Olav Luksengård Mjelva er med. Dvs. kjentfolk som det er moro å heie på. Sjå www.folkelarm.no og evt. www.riksscena.no.

Eks saksar litt frå www.folkelarm.no: Noko som er bra er «101 hatter å sparke før eg dør» med Silje Onsdad Hålien (best frå Valdres), saman med ein særst dyktig svenske, Anders Löfgren, dei imponerte under framsyninga på Ål i vår. Elles er gruppa Sver med (med Olav Luksengård Mjelva), Camilla Granlien med band og Gro Marie Svidal (solo). Eg har spesielt likt solokonsertane, med det opprinnelege spelet, men trenden er at det blir meir arrangert folkemusikk, grupper, høgt trøkk, saman med visuelle inntrykk. Det gjeldt å bli sett då veit du. Litt moro det òg ...



*Ulf-Arne skal ha konsert på Folkelarm 2015!
Laurdag 26. sept kl. 18.15!*



*- og Silje Onstad Hålien vil danse for oss.
Fredag 25. sept kl. 18.15!*

Det som går att og er bra er utdeling av Folkelarmprisen (laurdag 20.00) og Intro-folk Finale (laurdag 13.00), og dansinga på kveldane sjølvsagt. Her kan ein oppleve den gode dansekjensla når alt stemmer. Og gode spelemenn er det nok av på FOLKELARM!

Kvedarkvintetten

Kvedarkvintetten er ei gruppe som syng folkesongar frå Hallingdal a capella i fleirstemte arrangement. Gruppa har vore aktiv i mange år og opptredd på ei rekke festivalar og scener i Noreg og utlandet, m.a. i NRK-programmet «Julefolk» i 2011.

– Kvedarkvintetten vil gjerne vere med på å bidra til at tradisjonssongen frå Hallingdal blir meir synleggjort, då det framleis er mykje ukjend stoff som fortener å kome fram i lyset, fortel dei.

Kvedarkvintetten består av fem songarar frå Torpo i Hallingdal. Dei to siste åra har medlemmene budd spreidd pga. studiar og jobb. Men no har Kvedarkvintetten lyst til å satse skikkeleg i form av konsertar og turnéverksemd. Dei ynskjer å spele inn ei plate i løpet av det neste året, og har også merka seg ut i open klasse på Landskappleiken.

Kvedarkvintetten er to + tre systrar; to blad Risdal Liahagen og tre blad Myhr. Alle medlemmene i gruppa er svært aktive i folkemusikkmiljøet i Noreg i dag, med song, dans og spel. Arrangementa spenner seg frå det fartsfylte til det vare, frå unison slåttetralling til finstemte viser.

– Me har sunge i lag sidan me var små og har såleis fått eit felles uttrykk og ein naturleg måte å synge og følgje kvarandre i songen på.



Kvedarkvintetten:

Margit Myhr,

Sina Myhr,

Helga Myhr,

Tonje Risdal Liahagen,

Silje Risdal Liahagen

– vokal

Torsdag 24. sept. kl. 21.45!

Vår kjære spelemann Magne Myhren har gått bort!



Magne Myhren på 100-årsjubileet til Hallinglaget i 1999. Fotograf: Johanne Landsverk

Vår kjære spelemann gjennom 25 år døydde 23. juni etter ei tids sjukdom. Magne Myhren var fødd 3. desember 1937, så han vart soleis 77 år.

Eg har veldig mange gode minner om Magne, og han var ein stor støttespelar for Hallinglaget. Magne heldt festtala for Hallinglaget på 100 og 110 års jubileet, han har halde fleire – før mi tid. Han var særstak talefør og morosam, og hadde ei veldig kjennskap til spel og liv i Hallingdal frå tidenes morgen. Han hadde møtt mange av dei gamle store spelemennene, og hadde eit utal av soger å ta av. Han hadde klisterhjerne, noko eg saknar inniblant, for historiene hans kan eg ikkje gjengi. Men eg hugsar den gode stemninga dei skapte på øvingane våre – me lo så me vart glade resten av kvelden ...

Ikkje nok me det gode dansespelet, Magne gav ut ein CD i 1997 (Hardingfelelæte frå Ål i Hallingdal), der Hallinglaget var med på ulikt vis. Eg kunne skrive ein heil artikkel om det. Kort fortalt hadde me eit kjempefint CD-slepp i ein stappfull Blåsal! Og Magne gav oss 150 CD-ar, der me skulle gje bort 50 og kunne selje resten! Då svingte det i Hallinglaget! Den gongen var CD-ar å rekne som verdipapir på Oslo Børs og gav ei kjærkomen inntekt til laget. Me kjøpte også 25 CD-ar av han til sjølvkost. Eg reknar at dette var ei gavetil Hallinglaget i storleik 15 tusen kroner.

Ein sender ein stor takk til Magne frå meg og Hallinglaget.

Stor medkjensle sendes til kona hans Dagne Groven Myhren og borna Øyonn og Eilev.

Eg er veldig glad for å ha kjent Magne. Fred med hans gode minne, han var ein ekte heiderskar.

- Eit lite minneskriv ved Terje, kopi av epost sendt ut dagen etter at Magne gjekk bort.



Bildet: **Helgekurset hausten 2014** med Ulf-Arne Johannessen og Silje Risdal Liahagen var ein suksess! I haust satsar me på ein ny suksess, med **Silje Risdal Liahagen** og **Simon Hesselberg Løvald** som instruktørar og **Ola R. Imset** og **Hilde Kirkebøen** til å spele for oss! Kom og dans då vel!

STORT HELGEKURS I HALLINGSPRINGAR 14. og 15. november, frå kl. 12.00 – 16.00 begge dagane.

Med **Silje Risdal Liahagen**, A-klasse dansar i hallingspringar frå Ål, som har med vår eigen danseleiar i Hallinglaget **Simon Hesselberg Løvald** frå Jar i Bærum, som er A-klasse dansar i laus, er ein av Frikarane og er ein særskilt aktiv dansar i laus, springar og pols. Begge liker å instruere og har ei stor kjensle for takt og rytmje så dette blir eit kjempebra kurs!

Spelemann laurdag **Ola R. Imset** og sundag **Hilde Kirkebøen**.

Begge dagar frå kl. 12.00 til 16.00.

Pris kr. 400,- for begge dagane, der ei innlagt matpause kl. 14.00 er inkludert!

**Her vil ein lære mykje springar og om dans generelt: både steg, takt, svikt og haldning!
- - - og meir hallingspringar får ein ikkje dansa i haust ... så meld dykk på!**

Påmelding til kurset frå og med no: Ved å betale til vårt kontonummer i Cultura Bank: **1254.05.18988**, eller ved E-post til: grangard@online.no eller SMS til **48204652**.

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er springardansing desse onsdagane:

- 9. sep.** Springarøving kl. 19.00. – Helga Myhr spelar
- 23. sep.** Springarøving kl. 19.00. – Laura Ellestad spelar.
- 7. okt.** Springarøving kl. 19.00. – Hilde Kirkebøen spelar.
- 21. okt.** Springarøving kl. 19.00.
- 4. nov.** Springarøving kl. 19.00.
- 18. nov.** Springarøving kl. 19.00.
- 2. des.** Juleavslutning m/dans kl. 19.00.
Utdeling av diplom til ihuga dansarar

Andre viktige hendingar dette halvåret:

24. – 26. September: Folkelarm på Riksscena! Med god deltaking frå Hallingdal. Ulf-Arne, Kvedarkvintetten og Kartellet med Eirik F. Luksengard. Førg med på Web sidene til Hallinglaget og FolkOrg.

Sundag 11. oktober: Minikurs i hallingspringar,
før Folkedanskvelden kl. 18.00. Hilde Kirkebøen spelar til dans og det blir instruksjon i ein og ein halv time. Instruktør er ikkje bestemt enno ... *Møt opp og få eit lynkurs på 1,5 timer.*

14. – 15. november: Stort helgekurs i Hallingspringar!
Laurdag og sundag, frå kl. 12.00 – 16.00 begge dagar.
Instruktør: Silje Risdal Liahagen, A-klasse dansar frå Ål.
Instruktør 2: Simon Hesselberg Løvald. A-klasse dansar frå Jar.
Dansespel ved: Ola R. Imset og Hilde Kirkebøen (hardingfele)
Pris: kr 400,- for kurset, der eit måltid mat kvar dag er inkludert i prisen!
Møt opp og bli ein betre dansar!

Sundag 15. november: Hallinglaget er tilskipar av **Folkedanskveld** kl. 19.30.
Dvs. denne helga blir det hektisk! Laget håper at folk vil hjelpe til.

Laurdag 21. november: Oslokappleiken 2015 på Riksscena.

VELKOMNE SKAL DE VERA!
Meir info. på www.hallinglaget.net

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (48 20 46 52), (grangard@online.no)
Berit G. Ellefsen (48 04 00 62), (beritsatelier@hotmail.no)
Else Mohn: (95 87 92 70), (helsemor@hotmail.com)

Hallingbu – hytta vår!

I år som fleire tidlegare år, vart det Michel som åpna Hallingbuåret. Alereie 20 -21 januar tok han turen på ski oppover i skogen. Michel jobbar i NRK og kunne bruke hytta som målestasjon i forhold til NRK's DAB nett. Han kunne melde om ein fin tur og flott skiføre.

Så stod hytta tom eit par månader før Terje og Svein tok ein tur fyrst i mai, da kunne dei gå inn på beina. Dei bar med seg beis til seinare dugnader, brant bål og la fram det som var til overs etter pipereparasjonen til Rolf Utgård. Desse ville han hente neste gong han kjem forbi, grei kar!

I pinsa drog Michel på overnattingstur, denne gongen med son sin Simon som snart er 6 år. Dei har laga ein gapahuk som dei leika godt i, og vedhogst stod dei og i med. Og ingen andre enn Michel kunne vel opna badesesongen?!? Kaldt var det visst, men den guten let seg ikkje be to gongar! I løpet av dagane kom det besøk til hytta, både av Gisela som har hytte rett over vatnet, og Valdrisen som kom innom medan dei var på Buvollen.

10. juni starta Terje førebuingar til den store dugnaden og spikjikjøtturen same helg, og frakta opp diverse materialer og utstyr til det.

To dagar etterpå drog Terje og Else opp på føremeddagen med sekkar så tunge som bly fullasta med mat, materialer, beis, samt ein stige; me måtte ta to turar. Vel oppe fekk me fjerna islektene på uthuset og beisa veggene. Underveis oppdaga me at vindskiene må fornyast, og lot det stå til neste tur. Etterkvart fyrte me upp eit bål til grilling og laga i stand mat til Gro Sissel og Trond, som kom ute kvelden. Maten nøyt me ute under åpen himmel og trakk inn til varmen frå peisen når mørket seig på. Inne hadde me godt drikke og gode snakk før me tusla til køys, mette og nøgde etter ein sær fin dag.

Dagen etter satte Gro Sissel og eg i gang inne der der me kosta og vaska golv og rundt forbi som ein tornado. Sjølv starta eg dagen med eit morgenbad og saman med Heidi og Svein som kom frå byen, kunne me sette oss rett ned til dekka bord og ha sein frokost i det fri- kan vel knapt ha det betre. Mykje arbeid vart gjort denne dagen; det store glaset vart kitta, begge gavlsidene på hytta samt vindskiene vart beisa. Veden vart lagt inn, nye bord slått på uthuset og litt av skogen framfor utsikten ned til Ormtjern vart rydda, for vatnet må me sjå! Eit bad til rakk me au før Spikjikjøtet og dessertar stod på bordet inne- eit storvegs måltid. Gro Sissel og eg hadde planer neste dag og tok turen nedover i kveldinga, sola skein frå blå natthimmel. Dei andre ville fortsette også på sundagen. Då fekk dei beisa halve veggen på hytta mot uthuset, samt eit ekstra strøk på uthuset som trøng det, og rydde fint upp rundt hytta. Og ikkje nok med det- til og med doen vart vaska rund baut. Det vart alt i alt ein kjempehelg på Hallingbu, med godt ver, gode vene og dugeleg arbeidsinnsats!, eller som Terje seier det ”Me flytta fjell” :D



*Her er alle på plass på Hallingbu til ei velfortjent matpause. Frå venstre Svein Aasen, Trond Roseth, Terje Grangård, Else Mohn og Heidi Wie. Fotograf:Gro Sissel Taraldrud.
«Maten smakte godt ute i det fri. Me var sokkande heldige med været»*

Sumaren igjennom har Terje vore oppe på hytta fleire gonger, både saman med Michel og Svein. Ein god venn av Michel (Rolf) kom opp til Hallingbu med motorsag og kappa opp alle stokkane rundt hytta, godt gjort! Terje og Michel fekk stabla inn alle kubbane i uthuset, så no er det meir ved der enn nokon gong. Dei fekk au slått på nye vindskier og islektene på uthuset, og beisa alt som ikkje var beisa etter kvart som dei saga og slo dei på, samt veggen på hytta mot uthuset. På kvelden fekk dei ordna på olla ved å få på plass ein stor stokk med torv på som ei barriere mot rotevelta der nede, slik at ikkje vatnet renn ut og inn ved store nedbørsmengder/snøsmeltinga.

I slutten av juli og i august har Hallingbu vore leigd ut i fleire veker av ein kar som har budd på hytta før og som og er ein av dei "Frie Skoggangsmenn", han kjenner "alle" i Lillomarka og vil farte rundt. Fint at hytta blir bruka og teke vare på, og nyttig å få inn litt penger til gass og beis.

Det har vore ein utruleg arbeidsinnsats på Hallingbu i fyrste halvår, det set me stor pris på og er takksame for!, like viktig er det å ha gode late dagar på hytta der tida berre flyt avgarde utan at ein treng å lyfte ein finger, for det har me au gjort mellom slaga; kort sagt skal det vera rom for alle som ynskjer å bruke hytta, kvar på sitt vis. Eg gjer kva som helst berre eg får dyppe kroppen i Ormtjern!

Takk Hallingbu.

Else



*Hytte*sjef Else Mohn elsker og lage bål og bålplassen vår er kjempefin. Fredagskveld!



Else har ikke høgdeskrek og skøytestegan me bar opp på dugnaden var sær nyttig!

Spikjikjøttturen 2015 var på laurdagen, under dugnadshelga.

Me vart ikkje fleire enn seks personar i år, men dei som møtte opp hadde det særstakleg.



Sjølv kalaset med spikjikjøt tok me inne, for me jobba så lenge at det vart litt kjølig ute, og me ville jo bruke den nyvaska hytta litt også. Det vart ein sokkande god middag, med gode historier og artig snakk om mange ting. Her ser me frå venstre: Heidi, Trond, Else og Gro Sissel.


Ein STOR takk til alle som deltok på DUGNADEN.

HARDINGFELA TIL HALLINGLAGET KAN LEIGAST

Hallinglaget har ei Einar Løndal hardingfele frå 1983, som laget kjøpte i 1996 for 18.500 kroner. Fela er god og bør brukast. Siste året har ho ikkje vore leidt ut, men no håper me i Styret at nokon vil ta kontakt for å leige den. Gjennom dei siste 20 åra har fela gledd mange i Hallinglaget.

Kravet til den som leiger fela er at vedkomande er medlem i Hallinglaget, og at ein set på nye strenger når ein leverer fela tilbake! Prisen for å leige fela har dei siste åra vore 800 kroner, og det er rimeleg for Hallinglaget betaler forsikringa! Prisen kan blir auka med ein hundrelapp i år. Interesserte må ta kontakt med Terje slik at dei kan få Felereglane tilsendt. Fint å prøve ei fele før ein kjøper ei!?

Terje



3. september lanserte Gunnlaug Lien Myhr boka si på Fryd scene på Ål.

Boka inneheld over 600 songar frå meir enn 100 kjelder frå alle kommunane i Hallingdal. Heile 600 sider med tekstar, notar og spennande bakgrunnsstoff. Denne boka får ein kjøpt for berre kr. 490,- Dette er verkeleg eit fantastisk arbeid, eit makelaust livsverk av Gunnlaug. Gunnlaug var leiar i Hallinglaget, då ho studerte og arbeidde i Oslo, ... for lenge sidan ... frå 1984-1989. Takk te ho, for alt ho gjorde for laget !

Mannen hennar, Martin Myhr, la inn ein del dikt på Facebook etter at han vart utfordra dette året, om å legge ut minst fem dikt. Der imponerte han stort, med supre dikt, også med dikt frå Trysil om tryslingar (som ikkje høver i Hallingljom ;). Og ikkje minst hans eige dikt som kjem nedanfor, så Martin kan meir enn å **danse** (framleis kjempegod på Fagernes i år), høgge tømmer og ved, samt å plukke molte. Han er ein allsidig friluftskar ...

Møte

Tenkj å møte eit menneske utan at ord er viktig.
Koma nær og halde rundt nokon du aldri har sett før no.
Kjenne lukta av håret på eit framandt hovud.

Duve saman i ei felles rytme ei stund tida står still.
Nyte musikk og merke korleis to smeltar saman til eitt.

Kjenne attrå som søte ilingar, og tenkje ulovlege tankar som aldri skal seiast.

Tenkj at ein slik stad finst.
Der to framande kan vera saman,
tett tett saman.
Utan at ord blir sagt.

Martin Myhr.

Eit par av dikta som Martin Myhr krydra Facebook sidene sine med denne våren/sommaren:

Gråspurven

Når alle fine svulur
slår venga ut og fær,
da sit'n att i tunet
og trøter tia her,
spurven.

Når alle lerker kvittrer
i grøne palmeland,
da sit'n på en rimkvist
og syng så godt'n kan,
spurven.

Når flisa sprett i skogen,
og snøen fyk i fonn,
da høgg'n i en hestlort
og finn et bergingskonn,
spurven.

Når nordavinden uler,
og månen står i ne,
da er'n en stri og hemkjær
trysling, han som je.
Spurven.

Einar Skjæraasen

-frå Trysil, arbeidde i Oslo,
levde 1900 – 1966.

Von og vinst

Det vokser ein vakker multeblom
ved kjelda inni skogen.
Eg tenkte: Tru kven nappar deg,
den dagen du står mogen.

Litt lengre fram kom ein til
og kika opp or tuva.
Båe bar ein gyllen knapp
i kvite silkeluva.

Det vart forvitneleg å gå
den kjende veg langs kjelda,
og spanande, for her kom fleir
i lyse sommarkvelda.

Snart skein det raudt og lokkande
og føter kom på farten.
Seint og tideleg nokon
for og flaug og klemde karten.

Vemodig og med slik ein veg
der mange, mange vankar.
Og berre eit par voner finst
for alle multetankar.

Ein dag var eine vona vekk!
Kun'kje vente å få to nei.
Men sæle meg for den eg fekk,
ei lita sot og god ei.

Magnus Buflod

-evig Trysling, levde 1908 – 1997.

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2015

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,-** Merk!

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort skal ligge ved fyrste sendinga etter nyttår. Laget treng pengar for å klare seg, så bruk innbetalingskortet! Er du ikkje medlem så betal snarast råd! Hugs alltid å skrive på namn på innbetalingskortet. Hallinglagets konto i Cultura Bank er 1254.05.18988.

Medlemskap i Hallinglaget gjev deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
 - Informasjon om andre folkemusikktkipingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
-

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetregisteret i Brønnøysundregistrene.

Og som vår tidlegare kasserar Elin Berget i laget vårt sa:

Som kasserer er eg veldig fornøgd med dette :-) Eg var akkurat innom for å prøve lykka på lotto i kveld.

Der fikk eg registrert Hallinglaget som min grasrotmottakar ... det betyr klingande mynt i kassa vår.

Det vil si:

Vi må sende ut en e-post til medlemmene våre som informerer om at folk har mulighet til å velje Hallinglaget som grasrotmottakar! Hallinglaget får 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra. Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

Folkedanskveldar hausten 2015

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!

Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo.

Dato	Storsalen <i>kl. 19.30 -22.45</i>	Halli, <i>minikurs 1800-1930</i>	Arrangør lag
6. sep	Dølalæte	Springleik frå Vågå	Hordaringen
13. sep	De Frilynde	Rørospols	Folkedansnemnda i BLS
20. sep	Bærum spelemannslag	Valdresspringar	Valdreslaget
27. sep	Brødrene Odde	Finnskogspols	BUL
4. okt	Farande Fant	Stildans	Symra
11. okt	Sofienberg Spelemannslag	Hallingspringar !	Numedalslaget
18. okt	Fanteladdane	Nordlandspols	Hordaringen
25. okt	Østerdølenes spellmannslag	Polksor	Sogn- og Fjordaneringen
1. nov	Bærum spelemannslag	Stildans	Symra
8. nov	Steinsgårdskroken	Rorospols	Hordaringen
15. nov	Enebakk Spelemannslag	Vestlandsspringar	Hallinglaget i Oslo !
22. nov	Tonje og Stein Magne	Vestlandsspringar	Sogn- og Fjordaneringen
29. nov	Eiker Spelemannslag	Sunnmørspringar	Symra
6. des	Dølalæte	- ikkje avklart	- ikkje avklart
13. des	Elise Tegner m/vener	- ikkje avklart	Folkedansnemnda i BLS

Inngang Folkedanskveld: Medlemmer kr 80,- / ikkje-medl. kr 120,- / Studentar kr 50,-

Inngang minikurs: Medlemmer og ikkje-medlemmer **berre kr. 120,- som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld!)** Berre kr. 80,- for studentar.

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

NYE Web-sider: www.bls.no

e-post: styret@bls.no

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

Styret i BLS 2015 har konstituert seg som følgjer:

Leiar	Hilmar Nummedal
Nestleiar og skrivar	Terje Svindseth
Aktivitetsleiar	Ida Malene Christensen
Økonomiansvarleg	Bjarte Totland
Eigedomsansvarleg	Arnold Haukereid

Styret i Hallinglaget 2015–2016

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 482 04 652 – mobil E-post: grangard@online.no
Nestleiar:	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 480 40 062 – mobil E-post: beritsatelier@hotmail.com
Kasserar:	Gro Sissel Taraldrud Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf: 480 34 943 – mobil E-post: gst@cultura.no
Skrivar:	Sigbjørn Galdal Skogveien 65F, 1640 Råde	Tlf: 480 09 581 – mobil E-post: Sigb-g@online.no
Medlemer:	Else Mohn Reshjemveien 247, 3677 Notodden	Tlf: 958 79 270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com
	Simon Hesselberg Løvald Henrik Ibsens gt. 11, 4878 Grimstad	Tlf: 936 37 316 - mobil, E-post: simonlovald@hotmail.com

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Terje Grangård
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo Tlf: 482 04 652
E-post: grangard@online.no

Medlemer: Else Mohn og Svein Aasen.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn Tlf: 958 79 270
Reshjemveien 247, 3677 Notodden E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Michel Gascoin, Trond Roseth og Hilde Kirkebøen.

Revisor: Alix Cordray Tlf.: 917 66 051

Valnemnd: Svein Aasen, Grete Iversen og Ola R. Imset.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bl.no, www.folkedans.com og www.folkemusikkscena.no.

Hallingbu



EREB
JR. 96